

ÅRSMELDING FOR JÆRMUSEET 1992

JÆREN MUSEUMSRÅD

Jæren museumsråd hadde årsmøte 2. april på Røde Kors-huset, Bryne. Rådsordførar Roald G. Bergsaker ynskte rådsmedlemmene og møtedeltakarane vel møtt. Varaordførar Arnfinn Vigrestad helsa frå kommunen og ynskte Jæren Museumsråd velkomne til Time.

Av 29 rådsmedlemmer oppnemnde av kommunane og fylkeskommunen møtte 24 representantar, av desse tre varafolk. Det møtte 3 rådsmedlemmer valde frå organisasjonar og bedrifter og 3 valde av personlege medlemmer. Elles møtte representantar frå Rogaland bondelag og Jæren husflidslag og 7 personlege medlemmer.

Elles møtte fylkeskonservator Egil H. Grude, fleire gjester, avtroppande og påtroppande styremedlemmer, valnemnda og personalet – i alt 52 deltagarar.

Dei private medlemmene valde seg imellom 7 rådsmedlemmer: Årsmøtet handsama og godkjende årsmelding og rekneskap for 1991, vedtok arbeidsprogram for 1992 og kontingen og budsjett for 1993.

Møtet valde formann, nestformann, rådsordførar, vararådsordførar og styremedlemmer med vararepresentantar frå private medlemmer.

Kari Austenå, Randaberg, er vald til *rådsordførar*. Trygg Mæland, Sola, er vald til rådet sin *varaordførar*.

Rådsmøtet valde følgjande *økonominemnd*:

Jone Vadla, formann
Roald G. Bergsaker
Kjellaug Grødem
Eldar Odland
Trygve Stangeland
Frode Underhaug

Valnemnd har vore:

Egil Larsen, Randaberg
Magnar Flesland, Hå¹
Stein Sægrov, private medlemmer

Styret

Fram til årsmøtet 1992:

Nils Njå, Time, formann
Hans Voll, Klepp, nestformann
Roald G. Bergsaker, Sandnes
Håvard Erga, Rogaland fylkeskommune
Ragnhild Ormøy, Sola
Tobias Skretting, Hå
Torbjørn Tønnesen, Gjesdal
Johan Vestvik, Randaberg
Einar Lea, vald av private medlemmer

Varamedlemmer:
Helge Lande, Time
Sverre Kvadsheim, Hå
Odd Fladen, Sandnes
Hein Seldal, Rogaland fylkeskommune
Kari Tengesdal Wold, Sola
Per Skjæveland, Gjesdal
Egil Larsen, Randaberg
Sølfrid Guddal Søyland, Klepp
Ole Gunnar Kverneland, vald av private medlemmer

Etter årsmøtet i 1992 har styret hatt denne samansetjinga:

Jone Vadla, private medlemmer, formann
Roald G. Bergsaker, Sandnes, nestformann
Kari Austenå, Randaberg
Ingulf Bergstad, Time – til juni 1992
Annfinn Lorentzen , Time
Einar Lea, private medlemmer
Trygg Mæland, Sola
Eldar Odland, Rogaland fylkeskommune
Tobias Skretting, Hå
Odd Særheim, Klepp
Liv Todnem, Gjesdal

Varamedlemmer:
Sævar Haugland, private medlemmer
Johannes Bergsåker-Aspøy, Sandnes
Sigve Bø, Randaberg
Torstein Tunheim, Time
Karl Sveinsvoll, private medlemmer
Gitle Byberg, Sola
Sigve Romslo, Rogaland fylkeskommune
Marit Bernhardsen Stornes, Hå
Elling Hodne, Klepp
Rasmus Flesjå, Gjesdal

Styret har i meldingsåret hatt 7 styremøte og behandla 42 saker. Dei viktigaste spørsmåla har vore saker i samband med byggeprosjektet, finansiering og økonomi.

Formannen, nestformannen og styraren har utgjort eit eige arbeidsutval.

Nemnder oppnemnde av styret:

Redaksjonsnemnd for årbok:

Asgjerd Taksdal, Lars Gaute Jøssang, Målfrid Grimstvedt og Målfrid Snørteland.

Byggenemd:

Jone Vadla, formann, Arne Hodne, Johan Vestvik, Målfrid Snørteland, Målfrid Grimstvedt.

Styringsgruppa for Kviagarden:

Jærmuseet sine representantar: Tobias Skretting, Målfrid Snørteland

Personalalet

Jærmuseet har i 1992 hatt desse tilsette:

Målfrid Snørteland, styrar/konservator, 1/1 fast stilling

Sverre Skjæveland, handverkar, 1/1 fast stilling

Målfrid Grimstvedt, konservator, 1/1 fast stilling (utanom tilskotsordninga)

Engasjement:

Lars Ødemotland, 1/2 stilling som gardsstyrar og arbeidsleiar frå 1. mai

Torbjørn Hertel-Aas, prosjektmedarbeidar frå 1.09.
Aud Kari Kvalbein og Ingeborg Nærland Skjærpe, timeengasjement registrering

Stillingar under "Arbeid for trygd"/"SKAP":

Magne Nord-Varhaug, 1.01.-31.10, 1.12.-31.12., gardsarbeid, vedlikehald

Tron Håland, 1.02.-31.10, gardsarbeid, vedlikehald
Grete Sikveland, april – august, ordning av arkiv

Magnor Bjarland, 11.05.-15.06., vedlikehald, gardsarbeid

Astrid J. Rygh, 15.05.-20.08, kontor/registrering,

Roy Erga, restaurering maskinar, 15.05.-31.12.

Martin Bøe, restaurering maskinar, 26.05-31.12.

Roger BJORHEIM, restaurering, vedlikehald, 1.06.-31.12.

Geir Olav Ramstad, 1.09.-31.12., gardsarbeid, vedlikehald

Berit Pollestad, 2.09-31.12, kontor/registrering

Sissel Brown, 20.08.-15.09 15.10-31.12., ordning av arkiv, utskriving intervju

Arve Reime, 26.11-31.12, restaurering, gardsarbeid

Linn Løge, 1.12.-31.12., utskriving intervju

Kjetil Vagle, 1.12.-31.12, ordning av arkiv

ARBEIDET MED BYGGEPROSJEKTET

Forprosjektet.

Forprosjektet for nybygget vart godkjent på styremøtet 24. mars. Det nye styret gav og si tilslutning til prosjektet på styremøtet 27. april.

Det framlagde prosjektet har ei total arealramme på 3309 m² og ein samla kostnad på kr. 26,363 mill. kroner. Bygget skal reisast i fleire byggesteg.

1. byggesteg, med kontor, magasin, kafe, arkivrom, liten verkstad og litt utstillingsareal, har eit bruttoareal på 1542 m² og ei kostnadsramme på 13,5 mill. kroner.

Auditorium og mekanisk verkstad er planlagde som separate bygningskroppar. Undervisningsbygget er på 176 m² og kalkulert til 2 mill. kroner. Verkstaden har eit areal på 212 m² og ein kostnad på 1,7 mill. kroner.

Siste byggesteg, utstillingshallen, med magasin i underetasjen, har eit areal på 1379 m² og ein kostnad på 9,2 mill. kroner.

I høve til det tidlegare skisseprosjektet frå 1990 innehold forprosjektet nokre endringar m.o.t. funksjoner og kalkylar.

For å gjera bygget meir publikumsretta vart det under forprosjekteringa lagt inn kafe og litt utstillingsareal i første byggesteg. Det syntet seg og at ein større del av etableringskostnadene ved bygget fall på 1. byggetrinn. Dermed auka kostnadene ved 1. byggesteg frå 12 til 13,5 mill. kroner.

Totalprosjektet har likevel ikkje blitt endra. Når ein legg til prisstiginga, samsvarar den opphavlege kostnaden på 25,2 mill. kroner med den justerte kalkylen.

Detaljprosjekteringa skulle vore ferdig i løpet av hausten 1992. Diverre har arbeidet blitt noko forsenka. Anbudspapira vil såleis bli sende ut først våren 1993.

Finansieringa:

Samtlege eigarkommunar, fylkeskommunen og Norsk Kulturråd har gitt tilskot til nybygget. Norsk Kulturråd løvvde 2,5 mill. av søknadssummen på 3 mill. kroner i 1992. (Kulturrådet hadde dette året 7,5 mill. til utdeling.)

Denne reduksjonen, saman med prisstiging og dei øvre tilleggskostnadene for 1. byggesteg førde til at finansieringsplanen laut justerast.

Grunnlaget for ny kostnadsdeling for hovudbygget blir då:

- prisstiging 4,55 %	: 0,5 mill. kr.
- reduksjon i pårekna tilskot NKR	: 0,5 "
- pris etableringskostnader og utvida publikumstilbod	: 1,0 "

Ny finansieringsplan:

- Sandnes kommune	1,935.648	(1,584.000)
- Sola "	694.096	(568.000)
- Randaberg "	322.608	(264.000)
- Gjesdal "	317.720	(260.000)
- Klepp "	523.016	(428.000)
- Time "	518.128	(424.000)
- Hå "	576.784	(472.000)
	4,888.000	
- Rogaland fylkeskom.	3,666.000	(3,000.000)
- Norsk Kulturråd	2,500.000	(3,000.000)
- Private midlar	2,444.000	(2,000.000)
	13,498.000	12,000.000

Klepp kommune har sagt nei til den utvida finansieringsplanen. Takten i løyvingane varierer likevel frå kommune til kommune. Nokre kommunar har sett av midlar frå 1992, medan t.d. Sandnes har sett av midlar i 1994/1995.

Rogaland fylkeskommune har løvd 3,950.000,- (1992/1993). Når det gjeld innsamling av private midlar har ein komme eit godt stykke på veg.

Følgjande verksamder har løvd pengar eller gitt tilslagn om løyvingar:

- Landbruksvirke	750.000,-
- Klepp Sparebank	100.000,-
- Time Sparebank	100.000,-
- Rog. Landbruksellsk.	25.000,-
- Fylkeslandbr.kontor.	150.000,-
- Stavanger Aftenblad	50.000,-
- Nærø Handelslag	8.500,-
- Undheim "	9.500,-
- Klepp "	5.000,-
- Sola "	2.000,-
- Høyland & Jæren Forbruk	103.400,-
- Private gjevarar	68.000,- (1,331.900,-)

Ein har m.a.o. samla inn vel halvparten av dei private midlane.

I desember vart det sendt ut eit "tiggarbrev" til alle husstandar i Klepp, Time og Hå. Førebels har det komme inn bortimot 40.000,- kroner på denne aksjonen, men det dryp stadig inn nye gåver.

Det som gjenstår nå er i første rekke tilskot frå industrien i regionen.

Sjølv om det ennå manglar noko på finansieringa, må ein likevel kunna oppsummara at arbeidet med nybygget har gjort klare framskritt dette året, og at målet om innflytting i løpet av 1994 er innan rekkevidde.

Styret har dessutan uttrykt klart ønskje om at auditoriet og verkstaden bør realiserast så nært opp til hovudbygget som mogleg. Sidan publikumsgarderobane ligg i auditoriebygget er det særleg viktig at ein ikkje må venta for lenge på dette anlegget. Det blir arbeidd med ei separat finansiering av desse bifygga.

Byggenemnda har hatt 4 møte. Økonominemnda har hatt 5 møte inkludert to orienteringsmøte med inviterte representantar for det lokale næringslivet.

ANLEGGSSARBEID

Ved hjelp av sysselsetjingsmidlar fekk museet opparbeidd parkeringsplassen på "Bekkjavodlen". Sjølv om det gjenstår ein del arbeid m.o.t. landskapstilpassing, tilplanting o.likn. er grovarbeidet ferdig. Matjorda vart tatt av og ligg førebels lagra på staden. Den skal nyttast på dei skrinnaste stadene på "Bekkjavodlen" og "Trikanten".

KVIAGARDEN

Gardsdrifta.


Både driftsbygningen og fjoset er nå ferdig innreidde og tilhøva er lagde til rette for dyrehald på heilårsbasis. 1992 har vore det første året med slik heilårsdrift og må sjåast på som eit prøveår.

Besetninga har bestått av 3 kyr med kalvar, hest med føl, 5 gjess (diverre tok reven 3 i løpet av sommaren) og nokre jærhøns og maranhøns. Elles har Jon Obrestad nokre sau器 på garden. Som vederlag tar han seg av fjosstellet enkelte helgar.

På "Vestre Vodlen" vart det dyrka havre. På grunn av turken blei avlinga temmeleg skral. 4H disponerte dette året storparten av "Vodlen" til poteter og kålrot. Jærmuseet dyrka dessutan litt formargkål. Resten av arealet blei nytt til grasproduksjon og beite.

Lars Ødemotland har vore engasjert som gardsstyrar i halv stilling frå 1. mai.

Elles er heile drifta basert på sysselsetjingstiltak. I løpet av året har jamt over to - tre personar hatt Kviagarden som arbeidsplass. I tillegg til pass og stell av dyra og onnearbeidet, har dei drive med vedlikehald og ein del mindre restaureringsarbeid - m.a. gjort ferdig innreiingane i fjoset, gjødsellageret, gjerder, måling av bygningar etc. Gjennom sysselsetjingstiltaka får ein ikkje berre dekka arbeidsløn og sosiale kostnader, men ein har også fått eit driftstilskot på 4000,-5000, kr. pr. månad pr. handverkarstilling. Museet har dermed fått tilført betydeleg midlar både til restaurering, vedlikehald og drift. Sidan museet ikkje har budsjettmidlar til aktivitet på Kvia, har ordninga sett oss i stand til å prøva ut ei heilårsdrift. Me har også fått eit visst oversyn over kostnadene ved ei slik drift.



Lars Ødemotland til venstre og Sverre Skjæveland i stova på Kviagarden.
* Foto: Jærmuseet 1992.

Grovt sett kan ein skissera utgiftene slik:

- gjødning, såvarer, for	22.000
- div. materiell og varer til gardsdrifta	15.000
sum driftsutg. dekka av "SKAP"	37.000
- div. driftsutg. dekka av Jærmuseet	10.000
sum	47.000

I tillegg må ein rekna arbeidskostnader på omlag 2 årsverk. Dette vil m.a.o. vera minimumskostnader den dagen museet må basera drifta på eigne midlar. Samtidig har ein hatt inntekter, medrekna offentlege produksjonstilskot, på vel 30.000,- kroner. På bakgrunn av dette har styringsgruppa for Kviagarden lagt opp ein plan for å auka driftsinntektene i 1993, slik at sjølve drifta kan gå i balanse. Men drifta vil likevel vera heilt avhengig av faste stillingar som i hovudsak må lønnast via offentlege tilskot.

Når det gjeld dekning av restaurerings- og vedlikehaldskostnader ved bygningar og uteområde (inkludert parkeringsplass) har museet fått tilført omlag 131.000,- kroner i sysselsetjingsmidlar. I tillegg kan ein truleg rekna arbeid tilsvarande 1 årsverk. Arbeidet er fordelt på fleire personar og er dels utført av dei same som arbeider med gardsdrifta.

Aktivitetsdagar og utoverretta verksemd

I samarbeid med Rogaland 4H blei det skipa til 6 opne aktivitetsdagar.

- *Laurdag 25. april : "Frå spade til vendeplog".*

Torger Grude, Oddmund Hauge, Elling Braut og Martin Hole demonstrerte spadebruk, pløyning med hest og gammal traktorteknologi. Fylkeslandbruksjef Einar K. Time var konferansier. Påfuglen 4H stod for natursti og sal av mat og drikke. Elles leverte Jone Pollestad daggamle kyllingar.

Frammøte: omlag 200.

- *Laurdag 2. mai : "Setfjedag".*

Denne dagen var ein svært uheldig med veret. Tanken var at ein skulle setja poteter og kålplanter både på gammal vis med hest og hand og moderne teknologi utlånt frå Kverneland-Underhaug.

På grunn av regnet kunne ein berre utføra arbeidet på "gamlemåten". Sjøsprøyte 4H stod for storparten av det praktiske arbeidet medan Tobias Skretting var konferansier.

Frammøte: omlag 150.

- *Laurdag 27. juni: "Slåttadag".*

Denne dagen vart det demonstrert ulike slag reiskapar og arbeidsmåtar i samband med slått og høyberging. Arbeidskarane på Kvia hadde sett opp ei hesje eit par veker tidlegare, slik at me og hadde noko høy som var turt.

Elles vart både ljåen, hesteslåmaskinen og traktorslåmaskinen, høyvendar og rakeriva demonstrert. Dei nyaste slåtttereiskapane frå Serigstad A/S var og utstilte.

Dei vaksne tykte tydlegvis det var mest stas å prøva seg på ljåslåtten. Ungane deltok med stor iver i hesjinga, men det aller gildaste var nok å få køyra seg i høylassen.

Sjøglimt 4H stod for natursti og sal av slåttagraut (risengrynsgraut) og saft.

Frammøte: omlag 400, m.a. ein stappande full traktortilhengjar med born og foreldre som kom med toget frå Stavanger og Sandnes.

- *Sundag 20. september: "Sauen frå A til Å".*

Denne dagen deltok og Hå kommune /"Herlege Hå" i samarbeidet om arrangementet, noko som gav ekstra blest. Sverre Bakkevig og Per Håvaldsen frå Arkeologisk museum (AmS) var engasjerte til å fortelja om jordbruk i forhistorisk tid og til omvising i fornminneområdet. Jæren Husflidslag hadde utstilling av ullprodukt. Dei demonstrerte og bearbeidig og tilverking av ull og ymse produkt som t.d. toving av ullballar – ein aktivitet som var svært populær mellom borna.

Agro, Rogaland Sau og Geitalslag og gjetarhundklubben skaffa sauar og demonstrerte saueklypping og sauesanking. Og det vart sjølvsagt servert grilla lammakjøt.

Eldre medlemmer og klubbrådgjevarar i Vigre, Svala og Påfuglen 4H-klubar hjelpte til.

Frammøte: Nærare 1000. Det kom m.a. nærare 200 med toget.

- *Sundag 4. oktober: "Kua frå A til Å".*

Denne dagen var det kua og mjølkeproduka som var i fokus for arrangementet. Rogalandsmeieriet stilte med smaksprøvar på ost og andre produkt.



"Slåttedag" på Kvia. Små og store tek ivrig del i hesjinga.

* Foto: Jærmuseet 1992.

Dessutan synte det seg at "ekte kumjølk" frå Kviagarden var svært ettertrakta.

Soldogg 4H hjelpte til med sal og praktisk opplegg.

Frammøte: omlag 300.

- *Laurdag 17. oktober: "Potetopptak".*

Potetene som vart sett i vår skulle denne dagen opp or jorda. Rett nok hadde 4H-klubbane tatt opp ein del tidlegare på hausten. Og bra var det, for veret

var kaldt sjølv om regnet heldt seg borte. Men både greip, potetplog ("Palle"), kastehjulsopptakar for hest og traktor, belteoptakar og Superfaun vart demonstrert - rett nok med noko maskinhavari, men det skjedde nå før i tida og at dei ein hende gong kørde sund reiskapen. Også denne gongen var fylkeslandbruksjef Einar K. Time med oss og kunne fortelja mykje interessant om arbeidsmåtar,

kvalitetskrav og poteta si betydning for kosthaldet. Jæren Potetdyrkarlag v/Gaute Njå hadde utstilling av ulike potetsortar og delte ut informasjon. Solglimt og Vigre 4H hjelpte til med sal og praktisk opplegg.

Nærø Bondekvinnelag bakte og selde potetskaker. Frammøte: i underkant av 150.

Oppsummering:

Det er 4H v/prosjekteleiaren Oddvar B. Høyland som har hatt hovudansvaret for desse aktivitetsdagane. Han har også hatt ansvaret for annonsering og pressekontakt. Ulike 4H-klubar har tatt seg av mat, sal og natursti. Jærmuseet har for det meste hatt ansvaret for førebuing av det praktiske arbeidet med reiskapar, maskinar, mannskap o.likn.

I hovudsak har aktivitetsdagane fungert etter intensjonane:

- gamle arbeidsmåtar og reiskapar har blitt demonstrerte i praksis
- ein har fått vist korleis arbeidsmåtar og reiskapar har blitt endra over tid.
- 4H-ungdommar og andre har fått høve til å delta i arbeidet etter prinsippet "læra ved å gjera".
- ein har fått eit samarbeid med forskjellige lokale organisasjonar og verksemder.

Ein har dessutan fått eit samarbeid med NSB persontrafikk når det gjeld annonsering og transport. Dette vil bli utvikla vidare i 1993. Når det gjeld frammøte er nok publikumspotensialet størst på sundagar. Frå 4H har det dessutan blitt påpeikt at 6 slike dagar har vore i meste laget. For 1993 vil det difor bli planlagt 4 sundagar - to om våren og to om hausten.

Andre aktivitetar og besøk.

Av andre organiserte aktivitetar på Kviagarden har



Aktivitetsdagen "Frå spade til vendeplog" på Kvia. Oddmund Hauge og Elling Braut spar åkeren.

* Foto: Jærmuseet 1992.

fyrst og fremst Rogaland 4H hatt ein del interne arrangement for klubbane i fylket.

4H klubbane på Nærø har og nytta garden til fleire tilstellingar. M.a. til stor "nissefest" på låven før jul.

Jærmuseet har ikkje hatt kapasitet til å marknadsföra Kviagarden aktivt ovanfor skular og barnehagar. Det er heller ikkje laga noko undervisingsopplegg for slike besøk. Likevel er det fleire skuleklassar og barnehagar som har bede om å få komma - m.a. Frøyland skule, Orre skule, Haga skule, Motland skule, Sola Vid. skule. Orstad barnehage hadde og nissefest med graut før jul.

25. oktober hadde me besøk av bedriftsklubben til Shell. Dei kom med eige tog til Nærø. Bedriftsklubar og liknande lag kan truleg bli viktige målgrupper for Jærmuseet seinare. Elles er det ein del personar som

kjem innom i stelletida i helgane. Ofte er det familiar med born som har vore med på ein aktivitetsdag tidlegare og som tykte dette var svært gildt.

Me har og hatt besøk av ein del grupper og enkeltpersonar i samband med føredrag, møter, synfaringar o.likn. M.a: studentar frå Norges Landbrukskole og Rogaland distrikthøgskole, styret i Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane i Rogaland, representantar frå Time bondelag, representantar frå fylkeslandbruksnemnd, fylkeskulturstyre, NSB, fylkesmannen si miljøvernavdeling, Norske 4H, kulturstyret i Sandnes, kulturminnenemnda i Time, styret i Norsk ICOM og kontaktpersonar for ICOM'95, styret i VTM.

Sjølv om museet ikkje har hatt ressursar til faste opningstider, kan me likevel rekna med eit besøk på Kviagarden i 1992 på over 3000 personar.

AUDAMOTLAND

Heilt sidan Jærmuseet blei lagt til Kvía i 1986, har det vore forhandlingar for å overdra det gamle 1700-tals tunet til Jærmuseet. Dei fleste formalitetane ved ei slik overdraging er nå ordna, sjølv om Jærmuseet ennå ikkje har fått skøyte på eigedommen.

På Audamotland vil Jærmuseet visa det gamle jærjordbruket, eller "spadebruket" - d.v.s. den reiskapsbruken og dei driftsmåtane som var vanlege på Jæren før mekaniseringa tok til kring midten av 1800-talet.

Tunet, slik det står i dag, er frå slutten av 1700-talet. Audamotlandsgarden var truleg busett i høgmellomalderen, men var øydegard i seinmellomalderen. Busettinga vart teken opp att kring 1600. Det gamle heimehuset låg på austsida av driftsbygningen, nærmere Audamotlandstjørna, men blei flytta etter at eit barn

drukna i brunnen i 1792. Heimehuset er seinare påbygd. Det same er driftsbygningen. Elles har det lege fleire mindre bygningar i tunet - som smie, frittståande fjos og turkehus. På sikt er det eit mål å gjenreisa fleire av desse bygningane, men dette er eit langsigkt prosjekt. Kulturdepartementet har løyvd 603.000,- kroner i omframme sysselsetjingsmidlar til vernevøling av heimehuset. Det er gjort ein del førebuande arbeid. M.a. har Jærmuseet tatt ned eit gammalt hus hos Martin Riska på Usken med tanke på at noko av tømmeret her kunne nyttast på Audamotland. Men dette huset var i svært dårlig forfatning. Av omsyn til veret lyt sjølve restaureringsarbeidet venta til våren 1993.

Innløysinga av friluftsområdet på Kvía/Audamotland, som skal forvaltast av Jæren Friluftsråd, er ennå ikkje i orden. For Audamotland ser det ut til at saka vil bli løyst i nær framtid. Når det gjeld innløysinga av den resterande delen av Kviagarden (gnr. 19/6), vart ikkje avtalen mellom kommunen og eigarane godkjent av landbruksmyndighetene og saka må behandlast vidare.

TILVEKST OG SAMLINGAR

Museet sin lagersituasjon har betra seg noko etter at det gamle lutingsanlegget på Refsnes blei tatt i bruk. Kvaliteten på dette lageret er likevel ikkje særleg betre enn dei øvre lokalane.

Museet har heller ikkje prioritert nokon aktiv eller planmessig innsamling dette året. Me får likevel ein del tilbod frå publikum. I mange høve må me takka nei - både av plassomsyn og av omsyn til utvalet. Ofte er det dei vanlegaste hestereiskapane me får tilbod om, og her har me alt godt dekning. Museet er derimot svært interessert i traktorreiskapar og nyare landbruksmas-

kinar. Dessutan saknar me i stor grad dokumentasjon av klede og husgeråd. Dei därlege lagertilhøva for museet hindrar og slik innsamling i større omfang.

I tillegg til gjenstandar, har Jærmuseet hatt ein fin tilvekst av foto, arkivmateriale og bøker. (Jmfr. eiga tilvekstliste.)

Som følgje av eit samarbeid mellom Statsarkivet og arbeidsmarknadsetaten har Jærmuseet hatt tilgang på personar som har ordna og registrert privatarkiv. Me har dermed fått ordna alle privatarkiva våre. Samtidig har me nytta høvet til å få inn fleire bedriftsarkiv frå jærindustrien.

Det mest verdfulle og gledelege er at Kverneland A/S har overlete ein stor del av bedriftsarkivet sitt til Jærmuseet. Også delar av det gamle arkivet frå Underhaug fabrikk A/S er nå ordna og blir oppbevart av Jærmuseet.

Museet ser det som ei viktig oppgåve å ta vare på arkiva etter den lokale industrien så vel som arkiv etter verksemder, organisasjoner og privatpersonar knyttta til landbruket. Dette er viktig materiale for framtidig forskning og styrkjer Jærmuseet som forskningsinstitusjon.

Styret vil nytta høvet til å takka følgjande gjevarar:

Eik maskin, Stavanger v/Hans Voll; Terje O. Bø v/ Tobias Skretting; Sigbjørn Klepp, Sele; Tørres Braut, Nærø; Serigstad A/S, Klepp; Erik Ekeskog, Tasta, Stavanger; Sverre Skjæveland, Kvernaland, Time; Karl Sveinsvoll, Klepp; Magnus Skjæveland, Sandnes; Kverneland-Underhaug v/Einar Lea, Nærø; Berta Oftedal, Oltedal, Gjesdal; Ann Kristin og Edvard Jensen, Klepp; Tobias Gudmestad, Nesheim, Nærø; Arne T. Nærland, Nærø, Hå; Stein Sægrov, Oslo; Ragnar Hole, Voll, Klepp; Horpestad v/Sverre Skjæveland, Klepp; Ole Torland, Nærø, Hå; Einar Håland,

Våland, Nærø, Hå; Kverneland a/s ved Ole Gunnar Kverneland; Kristian Søyland, Bryne; Gjerde Last, Sandnes; Serinius Trodahl, Sandnes; Johan Romslo, Nærø, Hå; Jæren Smalalag v/Gustav Håland, Varhaug; Kari og Enok Seldal, Hamrabø, Sandnes; Ingebret Furenes, Kyllestad, Sandnes; Magne Du bland, Bø, Nærø, Hå; Tor Ødemotland, Klepp; Tobias Skretting, Njærheim, Nærø, Rogaland Bondelag v/ Audun Rosland, Stavanger; Martin Riska, Sandnes; Terje Frøyland, Kvernaland, Time

Ved hjelp av sysselsetjingspersonale har museet også dette året fått lagt inn ein god del bøker, avisutklypp og foto på EDB.

Oppsummering av EDB-registreringane ved museet:

	Tilvekst 1992	Samla tal kort
Tilvekst (samlingar)	39	119
Gjenstander i Jærmuseet	17	894
Gjenstander i Gjesdal bygdem.	ca.2500	3545
Avisutklypp	292	1716
Reiskapskatalogar	94	639
Lydband	42	50
Video/film	-	29
Teikningar	57	128
NEG*	-	922
Branntakstar**	1295	1295
Eige bibliotek	195	2163
Periodika (nye seriar)	54	381
Fotografi	518	6997
Privatarkiv	20	20

Merknad: Museet har berre i liten grad komme igang med registrering og katalogisering av eigne samlingar. Det er grunnen til det låge talet på eigen samling. Gjesdal bygdemuseum har hatt eigne folk på Limagarden som har registrert på EDB, under rettleiing av Jærmuseet og med kopi her.

*NEG (Norsk Etnologisk Gransking): Museet har svar frå Rogaland på ein del spørjelister, spesielt om barn og leik. Dei enkelte svara er lagde inn i ein EDB-katalog.

**Branntakstar: Byplankontoret i Sandnes hadde ein person som registrerte branntakstar frå Sandnes under rettleiing av Jærmuseet. Vedkommande la dei inn på EDB på Jærmuseet.

Dokumentasjon/"Med sau'en til fjells".

Alt i 1991 tok formannen i Jæren Smalalag, Gustav M. Håland, kontakt med Jærmuseet om å dokumentera sauehaldet og heiaføringa av smale i sør-Rogaland. Det var nå over 30 år sidan Jæren Smalalag og Sigurd Eikeland gav ut boka "Driftesmalen" og næringa har opplevd store endringer sidan den tid. Hausten 1992 fekk Jærmuseet høve til å engasjera Torbjørn Hertel-Aas som prosjektmedarbeidar. Han har gjennomført eit omfattande intervjuarbeid. Bortimot 50 sauabønder og heiagjetrar er tekne opp på lydband. Dei fleste intervjuer er frå 1 1/2 - 2 timer - d.v.s. 30 - 40 maskinskrivne sider. Ved hjelp av sysselsetjingsmidlar er 1 - 2 personar sysselsette med utskrivingsarbeidet. Det er og laga ei omfattande spørjeliste som er distribuert til omlag 20 % av medlemsgassen i kvart enkelt sau- og geitalslag. Det er oppretta ei eiga faggruppe for prosjektet med følgjande samansetjing: Gustav M. Håland, Jæren Smalalag, Einar K. Time og Joar Oltedal, fylkeslandbrukskontoret, Målfrid Grimstvedt og Målfrid Snørteland, Jærmuseet og historikar Lars Gaute Jøssang. Dessutan vil Rogaland Sau- og Geitalslag oppnemna ein representant.

Prosjektet må i hovudsak finansierast av eksterne midlar, og det blir arbeidd parallelt med slik finansiering. I første omgang har ein søkt dei lokale faglaga om støtte og dei fleste er positive til dette. Dessutan har "Utvalet for organisert beitebruk i Rogaland" gitt tilskot til tiltaket.

15. des. inviterte Jæren Smalalag og Bjerkreim Sau- og Geitalslag til eit orienteringsmøte på Vikesa om prosjektet. Det møtte 26 deltakarar frå dei fleste


aktuelle faglaga. Arbeidet skal munna ut ei bok. Men materialet vil og bli nytta når Jærmuseet skal ta til med større kulturhistoriske utstillingar eller til mindre vandreutstillingar.

RESTAURERINGSARBEIDET

Eit av dei største klenodia i Jærmuseet si samling er den første "Brøyt X" som Br. Søyland på Bryne konstruerte i 1956. Dette var den første hydrauliske gravemaskinen i verda og representerer eit viktig stykke jærsk og norsk industrihistorie. Takka vera ei løyving på 40.000,- kroner frå Landkreditett eller "Nasjonalinnsamlingsfondet til jorden oppdyrkning", kombinert med sysselsetjingsmidlar, kunne me ta til med restaureringsarbeidet. Restaureringsarbeidet har vore omfattande: heile brøyten er demontert og delane sandblesne, motoren er totaloverhalt inkl. ny spenningsregulator, nye stempelfjører, nye sylinderforinger, utskifting av diverse røyrar, leidningar og slangar, demontert og overhalt svingmotoren, utskifting av alle boltar i graveutstyret, utskifting av slangar i 3 dekk. Hjula på denne brøyten er forresten flydekk, truleg frå ein DC-3, og var difor svært vanskelege å demontera.

Lars Ødemotland har vore arbeidsleiar for prosjektet medan Kristian Søyland sjølv har overvaka restaureringsprosessen.

Museumshandverkar Sverre Skjæveland har dette året arbeidd med eit anna klenodium - ein "Herkules" traktor frå 1916. Denne traktoren blei produsert av Electric Wheel Co., Quincy, Illinois, U.S.A. Traktoren eller "trækmotoren" blei annonser i "Tidsskrif for det norske landbruk" i oktober 1916. Men me kjenner ikkje til fleire eksemplar her i landet. Det finnst ein tilsvarande traktor i eit privat museum i Danmark, og handverkaren må truleg ein tur dit for å innhenta



Den første hydrauliske gravemaskinen i verda, Brøyt X, står ribba for delar tidleg i restaureringsarbeidet i "Lutå".

* Foto: Jærmuseet 1992.

dokumentasjon på ein del detaljar. Den Herkules-traktoren som Jærmuseet fekk inn var nemleg svært mangefull. Heile traktoren er demontert, alle delar er reingjorde for rust, sandblesne, grunna og lakkerte. Det var og nødvendig med eit omfattande opprettingsarbeid. Dessutan måtte det dreiast ein god del nye boltar og foringar, m.a. til framhjulsakslingane. Ein laut og brosja opp lageropppheng til framhjula og parallellestong for styring. Spilene i bakhjula måtte sagast av og sveisast på nye delar og rullelageret for

bakaksling måtte reparerast. Handverkaren har og laga ein spesialfresejigg for å dreia or sylinderane for nye foringar. Også motoren var i dårleg forfatning. Den var sprukken og måtte sveisast. Det er dreidd nye ventilstyringar, slipt ventilstenger, dreidd ventilløftstyringar og slipt ventilløftarar, dreidd 57 nye skrueboltar og 30 pinnskruar, støypt ny del til klutsjen, laga 3 nye kjølevassrør og sveisa manofoilien.

I tillegg fekk museet eit lager med pinnskruar frå Terje Frøyland, Kvernaland, noko som var til stor

hjelp. Me vil og takka Leif Jan Høyland, Kverneland, som har ytt god hjelp - m.a. har han frest, retta og og finpussa fresejiggen.

Ved hjelp av sysselsetjingsmidlar har me og fått restaurert fleire reiskapar og maskinar - m.a. ein potetplog "Palle", ein av dei første slepeplogane frå Kverneland, ein "Oliver" sulky-plog, ein "Villemoe" kunstgjødselspreiar og ei skålhorv til Mogul-trakturen.

Grovtt sett kan me rekna at det er utført eit ekstra årsverk på restaurering av maskinar og reiskap. I tillegg til løn og sosiale kostnader har museet fått dekka driftsutgifter på omlag 40.000,- kroner.

Me vil få takka Kverneland A/S og Serigstad A/S for verdfulle gratisytingar i samband med restaureringsarbeidet. Samstundes har "Brøyt International" A/S vist stor velvilje under restaureringa av "Brøyt X". Gaute A/S på Nærbø har lagt ned mykje arbeid i å finna fram til rette fargar og fargeblandingar på ulike reiskapar.

ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Tilskotet til Jærmuseet via tilskotsordninga var i 1992 på kr. 697.450,- . Underskotet på driftsbudsjettet innanfor tilskotsordninga var omlag 107.000,- kroner. Medrekna stillingar og drift utanom tilskotsordninga låg det samla driftsbudsjettet på omlag 1,37 mill. kroner. Inntekter og utgifter til byggeprosjektet er då halde utanom. Ser ein på det samla driftsbudsjettet for museet blir berre halvparten av dette finansiert over tilskotsordninga.


Tilskot og inntekter fordeler seg på følgjande vis:

	kr:	%	(% 1991)
- Staten	272.000	19,9	(20,5)
- Fylkeskommunen	212.700	15,5	(16,0)
- Eigarkommunane	510.500	37,2	(38,0)
- Eigeninntekter*	334.530	25,1	(19,0)
- Renteinntekter	31.000	2,3	(6,5)

* Inkludert i eigeninntektene er oppdrag, tilskot til særlege prosjekt (unnatt investeringsmidlar), bruk av eigenkapital, sal av årbøker, annonseinntekter, driftsinntekter på Kvía og medlemspengar.

Dette er omlag same prosentvise fordeling som i 1991, men eigeninntektene utgjer ein litt større del i 1992.

Eigarkommunane yter det største tilskotet. Deira bidrag på ca. 300.000 kroner utanom tilskotsordninga finansierer m.a. underskotet på det ordinære driftsbudsjettet og ein del av lønskostnadene ved gardsstyrarstillinga på Kvía og konservatorstillinga utanom tilskotsordninga. Resten av kostnadene ved denne konservatorstillinga blir dekka av oppdragsinntekter og andre eigeninntekter. Dersom stillinga hadde vore finansiert over tilskotsordninga, kunne ein drive med større prosjekt og planlagd aktiviteten over fleire år. Det ville vore ein fordel for det samla museumsarbeidet i regionen. Påleggget om inntening går også ut over vår oppgåve som fagleg rettleiar ovanfor dei mindre musea i regionen. Dei hadde truleg søkt meir hjelp i det daglege arbeidet dersom dei ikkje hadde "trugsmålet" om betaling over seg. Det har dessutan synt seg at etterspurnaden frå kommunane kan vera noko tilfeldig og varierande. Dette året har museet difor tatt på seg oppdrag utover regionen, nemleg for Handverksregisteret på Maihaugen. Men oppdraget har og samanheng med at Målfrid Grimstvedt er særleg kvalifisert for dette arbeidet. (Jmfr. "Andre oppdrag").



Frå Audamotland

* Foto: Jærmuseet 1992.

Elles er det svært påkrevd å få ei fast gardsstyrarstilling og ei fast kontorstilling. Slik arbeidssituasjonen nå er, går storparten av tida til museumsstyraren med til administrativt arbeid og kontorarbeid - ofte reint rutinearbeid. Heller ikkje dette året har Jærmuseet fått nokon form for volumauke. Staten og fylkeskommunen sine bidrag er framleis langt mindre til Jærmuseet enn til dei andre regionmusea i fylket.

Dette var bakgrunnen for at kommunane ba om nye forhandlingar med fylkeskommunen om fordelinga av det lokale tilskotet. På møtet med fylkesordførar Odd Arild Kvaløy og fylkeskultursjef Roald Håland var jærkommunane representert ved ordførar Geir Myklebust, Sandnes, ordførar Kari Austenå, Randaberg, ordførar Ole I. Bore, Klepp og museumsstyrar Målfrid Snørteland. Samtlege ordførarar i eigarkommunane sende dessutan brev til fylkeskommunen med krav om like store fylkeskommunale tilskot til Jærmuseet som til dei øvrege regionmusea i fylket. Me er difor svært glade for at fylkestinget i sitt langtidsbudsjett har lagt

inn ein vesentleg volumauke til Jærmuseet i perioden 1994–1996.

Sysselsetningsmidlar.

I tillegg til løn og driftsmidlar som er oppførde i Jærmuseet sin eigen rekneskap kjem midlar tilførde under "Arbeid for trygd" og "SKAP". I 1992 hadde Jærmuseet til saman 5 årsverk på ulike sysselsetningsprosjekt. Løn og sosiale kostnader utgjorde omlag 670.000,- kroner. Vidare kjem ca. 215.000,- kroner i driftsmidlar. Dette er m.a.o. meir enn museet sitt ordinære budsjett innanfor tilskotsordninga! Den såkalla "SKAP"-ordninga avløyste den tidlegare ordninga "Arbeid for trygd" frå 1.04. Dette medførte noko reduksjon i driftstilskotet.

Ordninga har blitt administrert via fylkeskultursjefen. Fylkeskommunen har og betalt ein del av driftsutgiftene og dei sosiale kostnadene ved desse stillingane. Det har vore ein fordel for musea at fylkeskommunen har stått som arbeidsgjevar og såleis betalt ut løn og andre kostnader. I tillegg til at dei har betalt ekstra driftstilskot har musea unngått likviditetsproblem i samband med forskotering av løn.

Sysselsetjingstiltaka tilfører altså musea ein del omframme midlar og bidrar til å løysa oppgåver som me elles ikkje hadde fått utført. Men det blir og ein god del meir arbeid på museumsstyraren. Ordninga slik ho blir praktisert, med stadig utskifting av folk, skaper dessutan store frustrasjonar både for administrasjonen på museet og for dei enkelte arbeidstakarane. Det er t.d. svært uheldig at folk må bytast ut midt i eit restaureringsprosjekt.

Dessutan blir mykje av Målfrid Grimstvedt si tid, som er ansvarleg for opplæring og registrering på EDB, brukt til opplæring og oppfølgjing av stadig nye personar både her på kontoret og delvis på lokalmusea.

Med ein friare og smidigare disposisjon av sysselsetjings-midlane er me overtydde om at effekten og nytten hadde blitt langt større for museet og ordninga meir tilfredsstillande for dei enkelte arbeids-takarane.

Elles har Jærmuseet fått kr. 603.000,- i omframme sysselsetjingmidlar frå Kulturdepartementet til restaureringa av det gamle heimehuset på Audamotland.

Andre gratisytingar.

Hå kommune dekker dessutan ein del kostnader som heller ikkje kjem fram i museet sin rekneskap. M.a. har Jærmuseet gratis kontorlokale, inkludert lys, varme og reinhald, i det gamle kommunehuset på Nærø. Kommunekassen fører rekneskapen for museet. Teknisk etat har dessutan vore velviljig til å yta museet hjelp når me har hatt bruk for deira tenester.

MEDLEMMER

Medlemsauken i 1992 har vore på 66 personar, slik at museet no har 176 personlege medlemmer. Museet fekk m.a. ein god del nye medlemmer i samband med "tiggarbrevet" som vart sendt ut før jul. Dette er ei gledeleg utvikling og tryggjar ikkje minst det økonomiske fundamentet for årboka. Me er likevel sikre på at medlempotensialet er langt større. Medlemskontingennten er framleis kr. 150,- for personlege medlemmer. Då får dei årboka gratis tilsendt. I tillegg står 36 lag og organisasjonar og 10 bedrifter som medlemmar. Desse tala har ikkje endra seg siste året.

UTOVERRETTA VERKSEMD

"Sjå Jæren"

Årboka, "Sjå Jæren" 1992 kom ut i byrjinga av desember. Boka var på 168 sider. Hovudartiklane i

denne utgåva var "Utviklinga av sør- og vestlandsfeet" av Serinius Trodahl og "Time i høgpenn", om diskusjonane og den politiske prosessen bak bygginga av Fotland kraftsstasjon i 1915, av Lars Gaute Jøssang. Elles skriv Lisabet Risa om "Jæren meieri som skulestad og kvinnearbeidsplass" og Martin Reiestad "Om flufiske og litt til". Me fekk og høve til å trykkja eit manus av Lars Obrestad (1870-1966) der han fortel om sine opplevingar på ulike seglskuter sist på 1800-talet. Tobias Skretting, Asgjerd Taksdal, Målfrid Grimstvedt, Nils Njå og Målfrid Snørteland har og ytt bidrag til årboka. Inntekter av sal, annonser og medlempengar dekker trykkekostnader samt eit månadsværk som Målfrid Grimstvedt m.a. har brukt på lay-out, biletredaksjon og oppfølgjing ovanfor trykke-riett.

Utstillingar, tilskipingar:

Sjølv om Jærmuseet dette året har konsentrert publikumstilbodet om aktivitetane på Kviagarden, har museet likevel deltatt på følgjande arrangement:

- Jærdagen 29.-31. mai
- Veteranuka i Sandnes 26.-27. juni
- Etnemarknaden 13.-16. august
- Haustmarken (saman med "Herlege Hå")
16. oktober.

Møter, orienteringar, föredrag, seminar, representasjon.

Styreformannen og museumsstyraren har deltatt i ei rekke møte med kommunane og fylkeskommunen i høve byggesaka. Dei har og hatt ein del møte med organisasjonar, private firma og andre verksemder for å orientera om denne saka.

Saman med medlemmene i økonominemnda vart det halde orienteringsmøte om byggeprosjektet for innbedne gjester på Hå gamle prestegard 17.06. og hos Trygve Stangeland på Sola 14.10. Styreformannen, museumsstyraren og Eldar Odland drøfta dugnadsarbeid med bondelaga og bondekvinnelaga i Hå 3.12. Museumsstyraren har og deltatt på fleire møte og tilskipingar i samband med prosjektet "Tungenes fyr".

Styreformann Jone Vadla har dessutan orientert om byggeprosjektet og Jærmuseet på møte med formenn og daglege leiarar for S-laga i regionen, på styremøte i lokale S-lag og i Bryne Rotaryklubb. I 1992 har styreformann Jone Vadla hatt 62 dagar med ymse oppgåver og møte i samband med Jærmuseet.

Nils Njå representerte Jærmuseet på seminaret om vern av gamle husdyrrasar i Oslo.

Eldar Odland har deltatt på seminar om museumsstyring på Norsk Folkemuseum.

Kari Austenå og Målfrid Snørteland representerte Jærmuseet på årsmøtet til NKKM i Sandefjord.

Målfrid Snørteland har elles deltatt på museumsleitarmøte for Rogaland 13.02., på studietur om gardsturisme på Jylland 27.02. - 1.03., på ICOM's generalkonferanse i Quebec, Canada, 17.09. - 2.10. og på Norsk ICOM's seminar om generalkonferansen 1995 27.-29. nov.

Målfrid Snørteland har elles halde følgjande orienteringar og føredrag: 19.02: Reiselivskurs for Jæren, Varhaug, 26.02: Time bondelag, Undheim, 18.03: bondekvinnelaga på Jæren, Nærø, 30.03: HTH-klubben (hobby, tre og jern), Sandnes, 7.04: historiestudentar DH, Nærø, 11.05: kulturstyret i Sandnes, Nærø, 24.06: Hå kulturstyre, Grødaland. I tillegg kjem ei rekke omvisingar og orienteringar på Kvía. Elles har presse og lokalradio hatt velviljig omtale av Jærmuseet der både styraren, styreforman-

nen og andre representantar frå Jærmuseet har deltatt.

Målfrid Grimstvedt har delteke på følgjande møter og seminarer: 19.2: Befaring med Riksantikvaren i Sandnes og Time 20.2: Møte med Gjesdal museumsnemnd; 18.-20.3: Årsmøtet i Landslaget for lokal- og privatarkiv, Odda. 11. - 12.6: Seminar "Hus, hjem, innbo", NAVF, Åsgårdstrand. 7.-9.9: Årsmøte i MIKA, NKKMs gruppe for industri og anlegg, Mandal. 17.9.-2.10: ICOMs verdenskongress i Quebec, Canada. 12.-13.11: Seminar "Vakre steder", Rogaland fylke, Sandnes

Målfrid Grimstvedt har halde følgjande orienteringar og føredrag: 27.01: Stavanger Sanitetsforening (bunader), 24.5: Tettstadsvandring med Fortidsminneforeningen på Ålgård (ullvareindustrién), 24.5: Museumsdag i Sandnes (Høyland kyrkje), 31.5: Bunadparade på Norsk Folkemuseum, 9.6: Norsk Leketøysforening, Stavanger (Lærdal-leker), 14.6: Utvandrerpfestivalen i Stavanger (bunadpresentasjon) 8.8: To innlegg på Bunadseminar, Bunad- og Folkedraktrådet, Valdres; 25.8: Foreningen "Gågådå", Sandnes (byhistorie); 1.9: Gjesdal Sanitetsforening (tekstilindustri); 14.9: Finnøy Husflidslag, Judaberg (bunad); 24.11: Gammelbilens venner, Nærø (Jærmuseet); 15.12: Jæren smalalag og Bjerkreim Sau- og Geitalslag, Vikeså (Jærmuseet, saueprosjektet).

Sverre Skjæveland deltok på Etnemarknaden der museet hadde utstilt 5 veterantraktorar. Etnemarknaden betalte kostnadene ved denne deltakinga.

FRÅSEGNER

Museumsplan for Sandnes.Forslag om eit regionalt industrimuseum.

I samband med forslaget til museumsplan for Sandnes har styret i Jærmuseet sendt ei eiga fråsegn. Jærmuseet understreka her regionmuseet sitt ansvar for dei regio-

nale dokumentasjonsoppgåvane; ikkje berre for landbrukshistoria, men og m.o.t. den regionale industrihistoria. Jærmuseet vil særleg peika på at trevareindustrien, ferdighusindustrien, tekstil/ullvareindustrien og kommunikasjonar er emne som er viktige for dei fleste kommunane i regionen og som regionmuseet har eit særskilt ansvar for å dokumentera. Dette er og i samsvar med den nye museumsplanen for Rogaland som fylkeskommunen vedtok sist vår.

Jærmuseet ser for seg at det blir oppretta ei eiga industrihistorisk avdeling som blir samlokalisert med eit bymuseum i Sandnes. Styret vil og føreslå at den andre konservatorstillinga blir omgjort til ei avdelingsleiarstilling med særskilt ansvar for den regionale industrihistoria. Det føreset at stillinga blir tatt inn på tilskotsordninga frå 1994.

Styret har førebels ikkje tatt stilling til detaljane i organiseringa og finansieringa av ei industrihistorisk avdeling, kor omfattande arbeidsoppgåvene skal vera eller nærrare framdriftsplanar. Organisasjonsmodellen må også utgreiast vidare i samarbeid med Sandnes kommune.

ARBEIDET I KOMMUNANE

Randaberg

Randaberg bygdemuseum har ei svært aktiv Motorgruppe. Dei tek imot og restaurerer gamle båtmotorar. Jærmuseet v/Grimstvedt var engasjert til å hjelpe Motorgruppa med å laga ei utstilling av båtmotorar i Randaberghallen. Utstillinga vart åpna i slutten av mars og stod ut året.

Jærmuseet er engasjert i arbeidet med Fymuseet. Snørteland deltok i fleire planleggingsmøter og Hertel-Aas registrerte gjenstandar til Fymuseet.

Time

Jærmuseet blei engasjert for å førebu registrering av gjenstandar på Time Bygdemuseum, Undheim. Ingeborg Nærland Skjærpe og Aud Kari Kvalbein utførte eitt månadsverk. Registreringane blir reinskrivne og lagde inn på EDB på Jærmuseet.

Gjesdal

Gjesdal bygdemuseum har gjennom heile året hatt to personar sysselsette med registrering av gjenstandar på Limagarden. Jærmuseet v/Grimstvedt har tilrettelagt arbeidet og fulgt det opp. Dei har merka og registrert alle gjenstandar som fulgte med garden, dvs. det som har tilhørt dei tidlegare eigarane. Det er kring 2500 nummer. Kring 500 gjenstandar, klesplagg og skotøy, er fotograferte. Desse registreringane er utskrivne på kort. Dette er utført som ei forkorta registrering, dvs. utan ein omfattande beskrivelse av kvar gjenstand.

Ljåsmiing:

Dei to Kvernelandsmedane som var med ved opninga av Gjesdal Ljåfabrikk er dei einaste som kan produksjonsprosessen som har vore brukt i Gjesdal Ljåfabrikk. Det er difor ei viktig oppgåve å dokumentera og å vidareføra deira kunnskap. Jærmuseet tok hausten 1991 kontakt med Handverksregisteret, som er knytta til De Sandvigske Samlinger, Maihaugen.

Handverksregisteret har til oppgåve å arbeida med vidareføring av gamle handverk over heile landet. Dei er finansierte av Kulturdepartementet. Dei fullfinansierer sine prosjekt, dvs. uavhengig av lokal og fylkeskommunal støtte.

Handverksregisteret har alt eit prosjekt om Smiedrift. Dei ønskte å trekka Gjesdal Ljåfabrikk med i

dette. I mars starta eit opplæringsprosjekt ved Gjesdal Ljfafabrikk. Ein ung gjesdalbu, Tor Inge Amdal, lærer å smi ljå med Sandkleiva og Wahlberg som læremestrar. Samstundes dokumenterer konservator Atle Ove Martinussen v/ Handverksregisteret sjølve smieprosessen. Føremålet med prosjektet er todelt:

- opplæring og vidareføring av handverkskunnskap
- vidareformidling gjennom demonstrasjoner i smia

Sola

Sola folkebibliotek fortsette sitt arbeid med å registrera gamle fotografi i privat eige. Jærmuseet v/ Grimstvedt var med på ein aksjon på hausten og har elles vore med i arbeidet med å fullføra tidlegare registreringar.

Sandnes

Sandnesmuseet fekk frå nyttår tilsett Kjetil Vagle på midlertidig sysselsetting. Han arbeidde bl.a. med bedriftsarkiv og hadde sin arbeidsplass på Jærmuseet visse dagar.

Våren 1992 sette Sandnes Byplankontor igang ei registrering av branntakstar frå gamle Sandnes by i samanhend med eit prosjekt om å rekonstruera husfasadar i Strandgata og Langgata. Branntakstregistreringa blei utført i samarbeid med Jærmuseet. Museet laga opplegg for registreringa og hadde tilsyn med arbeidet. Resultatet er ein trykt katalog over 1295 branntakstar og ein database på Jærmuseet med noko meir opplysningar.

EDB-basert byutviklingsatlas:

I juni inviterte Byplansjefen Statsarkivet, Jærmuseet og Kulturkontoret til eit samarbeid om Sandnes bys historie. Seinare er også Statens Kartverk Rogaland kome med i arbeidet. Målsetting for prosjektet: Å kopla informasjon om terrengetvikling, utvikling i bygningsmasse og gatenett saman med demografisk

utvikling, sosiale endringar og næringsutvikling i Sandnes.

Prosjektet vil gi ny kunnskap om Sandnes ved å kopla saman ulike kjelder. Det vil også legga tilrette store informasjonsmengder på ein ny og lett tilgjengeleg måte for ulike brukargrupper. Tidperiode: 1700 - 1920. Informasjonen blir knytta til faste årstal. På sikt ønskjer ein å føra informasjonen fram til i dag. Geografisk område: Heile kommunen. Starter med Sandnes sentrum og nærmeste gardsbruk. Målgruppe for EDB-atlasen: Forskning, skuleverket, offentleg planlegging, huseigarar, næringsliv, musal formidling (skule, publikum, turistar).

Gruppa arbeider nå med eit forprosjekt. Når det er klart vil ein söka ulike kjelder for finansiering.

Mot slutten av året blei Målfrid Grimstvedt engasjert av Kultursjefen til å supplera og ajourføra visse punkt i Museumsplanen for Sandnes.

ANDRE OPPDRAG

Jærmuseet ved Målfrid Grimstvedt er engasjert til å gjennomgå arkivet etter tekstilforskar Gunvor Ingstad Trætteberg (1897 - 1976). Håndverksregisteret på Maihaugen, Lillehammer og Bunad og Folkedraktrådet, Fagernes er oppdragsgjevar. Norsk Kulturråd bevilga kr. 150.000,- til prosjektet i 1992.

Oppgåva er å publisera deler av materialet og elles legga materialet tilrette for draktforskjarar og andre interesserte. Det vil i første omgang vera aktuelt å publisera eit større verk om sjøklær, spesielt skinnklær. Dette tar for seg tradisjonane langs heile norskekysten og samanliknar tilhøva med Island, Færøyane og Holland. Det finnst også materiale om spebarns- og småbarnsdrakt og drakttradisjonar i Hordaland som truleg vil publiserast i løpet av prosjektet. Arkivet er

deponert i Opplandsarkivet, Maihaugen. I løpet av året var Målfrid Grimstvedt på Lillehammer to ganger, for å legga tilrette for kopiering av materialet. Sjølve kopieringsarbeidet blir utført av sysselsette ved Opplandsarkivet. Når materialet er kopiert, vil Målfrid Grimstvedt sitt arbeid bli utført på Jæren.

I samband med dette oppdraget har Jærmuseet også lagt tilrette for EDB-registrering av Bunad - og Folkedraktrådet sitt draktarkiv.

SÆRSKILDE ENGASJEMENT ICOM

Målfrid Snørteland er kasserar i Norsk ICOM og sit i arbeidsutvalet til den lokale kulturkomiteen (tidlegare "Rogalandsgruppa"). Norsk ICOM er den norske avdelinga av den internasjonale museumsorganisasjonen International Council of Museums. Som kjent skal organisasjonen sin neste verdskongress haldast i Stavanger i juli 1995.

Dei fleste regionmusea, Norsk Oljemuseum og AmS har oppnemnd representantar til den loale arrangementskomiteen. Målfrid Snørteland er og forhandlingsleiar for Forskar forbundet på kommunesektoren i Rogaland, og har deltatt på fleire møte og kurs i samband med dette.

Målfrid Grimstvedt er medlem i Bunad- og folkedraktrådet.

OPPSUMMERING OG VURDERING

- I løpet av 1992 har byggeprosjektet fått si endelege form. Forprosjektet er godkjent og den utvida finansieringsplanen i hovudsak godkjent av kommunane og fylkeskommunen. Innsamlinga av dei private midlane har og komme godt i gang. Erfaringane viser likevel at pengane i mange høve sit langt inne, og at det ennå trengst mykje opplysningsarbeid og blest om prosjektet

både ovanfor næringslivet, politikarar og publikum.

- Også for Kviagarden representerer 1992 ein milepæl. Det har vist seg mogleg å driva ein museumsgard med heilårsdrift. Aktivitetsdagane og besök elles har vist at dette tiltaket har eit stort publikumspotensiale. Samarbeidet med 4H har vore svært positivt og har medverka til at mange grupper har fått større kjennskap og meir positiv holdning til Kviagarden og Jærmuseet.

- Det er svært viktig at ein har fått ei løysing for Audamotlandstunet, og at ein nå er på veg til å realisera planane for dette anlegget.

- Jærmuseet har fått svært god "utteljing" av sysselsetjingsmidlar. Dette har sett oss i stand til å løysa fleire oppgåver som elles ikkje ville blitt utført - i første rekkje på Kviagarden, men og større restaureringsprosjekt som "Brøyten".

- Museet sitt mål som regional forskingsinstitusjon har blitt styrka. Både ved at ein har fått hand om verdfullt arkivmateriale som vil vera svært viktig for framtidige forskingsprosjekt, og ved at ein har sett i gang eit større dokumentasjonsprosjekt om sauehald og heiaføring av smale. Eit emne som har stor betydning når ein skal dokumentera den nyare landbruks historiske utviklinga i Rogaland.

- Det største problemet for drifta ved museet er sjølvsagt därleg økonomi og manglende personalressursar, ikkje minst faste stillingar. Forventningane, både frå publikum og kommunane, er langt større enn me kan innfri. Sjølv om t.d. etterspurnaden etter betalte oppdrag er høgst variabel, ventar ofte kommunane og lokalmusea større deltaking frå regionmuseet enn det me har ressursar til.

Me merkar og etter kvart at skular og folk elles i regionen etterspør faste opningstider og meir publikumsretta aktivitetar på Kviagarden.

**REKNESKAP 1992
INNANFOR TILSKOTSORDNINGA**

	Rekneskap 1991	Budsjett 1992	Rekneskap 1992
<i>Inntekter:</i>			
Tilskotsordninga			
- stat	261.538	274.170	272.001
- fylke	204.536	214.415	212.717
- kommun.	204.536	214.415	212.717
	<u>670.611</u>	<u>703.000</u>	<u>697.435</u>
Renter	<u>10.000</u>	<u>5.000</u>	<u>7.167</u>
Varesal			<u>526</u>
	<u>680.611</u>	<u>708.000</u>	<u>705.128</u>
<i>Utgifter:</i>			
Løn faste stillinger + sos. utg.	510.728	512.990	494.136
Inventar og utstyr	54.483	10.000	15.099
Andre innkjøp		840	1.621
Innkjøp bibliotek	16.989	20.000	17.173
Kontorrekvisita	14.238		13.809
Trykksaker	15.318		17.934
Telefon	13.626		19.693
Porto	8.680		18.764
Adm.annonser	672		
Andre kontorutg.	766		
Sum kontorutg.	<u>53.300</u>	<u>65.000</u>	<u>70.200</u>
Straum	19.992	24.000	26.624
Husleige	54.284	47.000	44.039
Avgift./forsikr.	27.234	19.000	5.020
Reiser kontor	14.156		6.453
Reiser andre	13.584	12.311	
Bilgodtgj.kontor	6.526		11.379
Bil styre/nemnder	11.777		10.931
- Sum reiseutg.	<u>46.043</u>	<u>55.000</u>	<u>41.074</u>
Drift av bil	7.425	15.000	9.797
Transport	6.576	10.000	7.781
Vedlikehald samlingar	13.385	25.000	15.836
Vedl.h.inventar/utstyr	13.879	20.000	25.713
Utoverretta verksemid	4.406	6.000	1.832
Foto,video	4.020	10.000	11.207
Andre driftsutg.	9.587	10.000	14.954
Kurs	1.000	5.000	7.402
Innskot KLP	<u>14.343</u>		
	<u>824.101</u>	<u>853.990</u>	<u>809.507</u>
Underskot	<u>135.478</u>	<u>145.990</u>	<u>104.379</u>

**REKNESKAP 1992
UTANFOR TILSKOTSORDNINGA**

	Rekneskap 1991	Budsjett 1992	Rekneskap 1992
<i>Inntekter:</i>			
Sal av årbøker/varesal		11.420	25.000
Varesal			<u>547</u>
Annonser		58.600	30.000
Oppdrag		112.140	140.000
Medlemspengar		48.350	30.000
Mellombels pensjonstrekk		932	1.000
Tilskot frå Kulturdep.			<u>603.000</u>
Utvælet for org. beitebruks			<u>10.000</u>
Særlege fylkesk. tilskot			<u>22.500</u>
Kontingent kommunar		284.245	297.390
Tilskot Landkredit			<u>40.000</u>
Særlege kommunale tilskot		300.000	*
Gåver til nybygg		5.950	
Renter		25.079	25.000
Intern overføring (Kvia)		27.606	45.600
Bruk lotterifond			<u>15.130</u>
Overskot 1990		64.463	
Overf.prosjekter.midlar		10.000	
	<u>948.784</u>	<u>593.990</u>	<u>1.254.103</u>
<i>Utgifter:</i>			
Løn faste stillinger		268.000	238.399
Forventa lønsauke			<u>8.000</u>
Ekstrahjelp			<u>70.000</u>
Sosiale utgifter			<u>65.531</u>
Sum	<u>335.048</u>	<u>346.000</u>	<u>394.495</u>
Innkjøp samlingar			<u>6.600</u>
Skjøtsel museumsområdet			<u>5.760</u>
Div. kontorutg.		10.339	<u>1.993</u>
Reiser/bilgodtgjersle		22.871	20.000
Transport (Audamotland)			<u>2.280</u>
Vedlikehald samlingar			<u>31.015</u>
Publikasjonar		69.241	55.000
Andre trykksaker		10.000	
Refusjon fylkeskommunen		610	2.000
Kurs			<u>6.002</u>
Andre driftsutg.			<u>500</u>
Prosjektering nybygg		223.584	*
Sum driftsutg.			<u>537.752</u>
Avsetningar:			
Overskot 1990		38.463	
Overført loyving(Audamotland)			<u>600.720</u>
Renter lotterimidlar		6.157	
Renter Kvia		14.628	
Prosjekteringsmidlar		76.416	
Gåver nybygg		5.950	
Sum utgifter			<u>1.151.066</u>
Underskot tilsk.ord.		135.478	145.990
	<u>948.784</u>	<u>593.990</u>	<u>1.255.445</u>
Underskot			<u>1.342</u>

* Inntekter, utgifter og tilskot vedr. byggeprosjektet er i 1992 ført i ein eigen byggerekneskap.

REKNESKAP 1992 - KVIA

	Rekneskap 1991	Rekneskap 1992
<i>Inntekter:</i>		
Arrangementsinntekter	4.300	
Sal av husdyr	9.285	
Sal av jordbruksprodukt	10.761	7.216
Tilskot LUF	50.000	
Tilskot Rog. fylkeskommune	50.000	
Produksjonstilskot	6.768	10.339
Gåve Gartnarhallen		1.080
Renter		11.281
Overskot 1990	21.602	
Bruk overførte midlar		8.161
	139.131	51.662
<i>Utgifter:</i>		
Inventar og utstyr	756	
Innkjøp husdyr	15.382	
Løn	49.500	3.057
Materialkostnad	560	2.096
Div. installasjonar	26.931	3.008
Betongarbeid	4.320	
Diverse oppdrag		1.400
Vedlikehald	139	
Husdyrstell		3.064
Andre driftsutg.	8.425	6.992
Sum driftsutg.		35.755
Intern overføring	27.606	15.907
(til reknesk.u.tilsk.ord.)		
- Sum utgifter	117.508	51.662
<i>- Avsetning:</i>		
Ubrukt løying	21.863	
	139.371	

REKNESKAP BYGGEPROSJEKT 1992

	Rekneskap 1992	Rekneskap 1992
<i>Inntekter:</i>		
Fylkeskommunale tilskot	300.000	350.000
Særlege kommunale tilskot	5.950	541.000
Gåver til nybygg		497.294
Renter		21.800
	305.950	1.410.100
<i>Utgifter:</i>		
Prosjektering nybygg	223.584	
- Honorar arkitektar		559.460
- Honorar konsulentar		190.500
- Honorar prosjektleiing		22.000
- Oppdrag andre		3.240
- Utg. til innsamlingsaksjon		8.002
- Adm. utg. byggeprosjekt		675
- Kopieringsutg.		9.619
Sum prosjekteringsutgifter:	223.584	793.496
<i>Avsetninger/byggefond:</i>		
Prosjekteringsmidlar/kommunar	76.416	97.504
Renter		21.806
Gåver nybygg	5.950	497.294
Saldo byggefond		616.604
<i>Utgifter:</i>		
	305.950	1.410.100

REKNESKAP JÆRMUSEET - BALANSEKONTO PR. 31.12. 1992

Underskot innanfor tilskotsordninga	104.379	PASSIVA:
Overskot utanför tilskotsordninga	103.037	
Underskot 1992	1.342	
AKTIVA:		
Kasse	2.770	Kapital
Postgiro	22.312	Fond lotterimidlar
Driftskonto SR-bank Nærbø	245.932	Overførte midlar Kviagarden
Høgrentekonti bank	1.502.322	Overførte midlar årbok
		Overførte midlar Stangeland Trevare
		Overførte midlar Audåmotland
		Overførte prosjekteringsmidlar
		Gåver nybygg
Sum aktiva	1.773.336	Sum passiva

<i>Fond/overførte midlar:</i>		
Kapital	72.798	
Fond lotterimidlar	82.767	
Overførte midlar Kviagarden	92.040	
Overførte midlar årbok	66.700	
Overførte midlar Stangeland Trevare	25.000	
Overførte midlar Audåmotland	600.720	
Overførte prosjekteringsmidlar	203.920	
Gåver nybygg	525.050	
	728.970	
		1.773.336